



***FEIRING AV NYBYGG 7. SEPTEMBER**

***BILDESPELIAL!**

***NY GYMSAL!**

***TID FOR HAUSTLEIRAR**

- sjå baksida for informasjon!!



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Helsing frå Lyngmo

Eit annleis år

Ved inngangen til eit nytt skuleår og nye semester i lagsarbeidet kan me trygt seie at me har vore gjennom eit annleis år på Lyngmo. 12 månader har gått sidan me reiv den gamle internatdelen og byrja jobben med å setje opp igjen eit nytt bygg. No står bygget ferdig og er klart til bruk. Det er stor stas og me synest det har blitt kjempeflott!! Bygginga har gått raskt og soveromsfloøyen kunne me ta i bruk i slutten av mai, medan sanitæranlegg til campingplassen var klart til sommarsesongen midt i juni. Gymsalen, som vart sist ferdig, er nyleg teken i bruk.

I tillegg til stor byggeaktivitet har me hatt tilnærma normal drift med arrangement, noko som til tider har vore utfordrande. Ein flott stab på Lyngmo, samarbeidsvillige bygningsarbeidarar og tolmogige gjester har gjort at me saman kunne få til dette! Gjennom sommaren har leirdeltakarar og turistar prøvd ut dei nye lokala. Nokre konstruktive tilbakemeldingar har kome, men for det meste har det vore mykje skryt å få! Det er kjekt når folk er fornøgd!!

Vestlandshus Sogn har vore totalentreprenør på prosjektet og dei har leia arbeidet på ein god måte! Leiing og tilsette i Vestlandshus, samt alle underleverandørar, skal ha ein stor takk for innsatsen, for godt samarbeid og for at det har blitt eit flott resultat!!

No står bygget klart. Me ser framover og gleder oss til å vise fram dei nye lokala og fylle dei med aktivitet. Onsdag 7. september vert det

feiring av bygget. Det vert middagsservert, ope hus med omvisning, «Spring for Lyngmo» og ei samling i møtesalen. Håpar mange nyttar høvet til å sjå bygget denne dagen! Sjå neste side for å få meir informasjon om dette!

Drift

Gjennom sommaren har me hatt god drift og god oppslutning på leirar, bibelcamping og anna utleige med camping og gjestehusdrift. På lik linje med resten av regionen har me hatt ein god turistsesong med mange overnattingar på gjestehuset, i hytter og på campingplassen. Sommarstaben vår har stått på og gjort ein flott jobb for å gje gjestene våre eit godt tilbod! Tusen takk til dykk!

I løpet av sommaren har me også fått på plass ein ny medarbeider på kjøkkenet etter at Anne Kristin Gunvordal slutta i stillinga si før sommaren. Anette Mjølvsnes er tilsett og tok til i stillinga i august. Anette har vore mykje med i leirarbeidet på Lyngmo og i barnelagsarbeid i Sogndal Indremisjonsforsamling. I tillegg til å

skulle jobbe på Lyngmo skal Anette studere vidare ved Høgskulen i Sogndal. Hjar-teleg velkommen inn i staben vår!

-Kjetil-



Feiring av nybygget



Onsdag 7. september vil me feira at Lyngmo har fått eit heilt nytt bygg med mange nye fasilitetar.

Me inviterar til middag, «ope hus» /visning og «spring for Lyngmo» denne ettermiddagen frå kl 16.30. Kom og bli med på feiringa!

Me arrangerer også eit «Spring for Lyngmo» der du kan delta ved å skaffe deg sponsorar (familie, venner og bekjente) som betalar deg runde- eller eingongsbeløp som då blir ei gåve til Lyngmo. Uansett kan alle vera med å heie.

Sal av grillmat 16.30 – 17.30

Spring for Lyngmo 17.30 – 18.30

Avslutningssamling 19.00 – 19.30

Campingsesongen




Nok ein campingsesong er over og me som er fast tilsette er veldig takknemlig for den innsatsen sommarvikarane våre har gjort. Dei gjere ein viktig jobb for at gjestene våre skal få ei god oppleving. Me har hatt ein veldig god sesong og merkar at regionen har blitt ein populær feriedestinasjon. Ekstra kjekt har det vore å kunne tilby nye fasilitetar i form av soverom, dusjan-

legg, campingkjøkken, tørkerom med meir. Campingdrifta gir oss ei god ekstraintekt som er med på å oppretthalde og finansiere den ideelle drifta vår med blant anna leirarbeidet.

Under ser de to av sommarvikarane våre i aksjon!

**TAKK FOR
INNSATSEN!**



Kylie Torstad



Rut Marie Torstad



Dette skjer på Lyngmo:

SEPTEMBER 2016

1. Småbarnstreff
7. Opning av nybygget
8. Knøttekor og Torsdagsklubb
15. Småbarnstreff
- 16.-18. 2-4 klasseleir
22. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 23.-24. Loppemarknad
29. Småbarnstreff

OKTOBER 2016

30. sept. - 2.okt. Internatmøte for kvinner
6. Knøttekor og torsdagsklubb
8. - 10. Leir for 7—10 klasse
20. Knøttekor og torsdagsklubb
27. Småbarnstreff
28. Haustbasar

NOVEMBER 2016

3. Knøttekor og Torsdagsklubb
10. Småbarnstreff
11. - 13. 16-30 leir
17. Knøttekor og torsdagsklubb
- 18.-20. Bornas songleir 2 - 7 kl.
24. Småbarnstreff
26. Juleverkstad 4 år - 11 år

DESEMBER 2016

1. Knøttekor og torsdagsklubb juleavslutning
2. Julemiddag for alle
8. Småbarnstreff
15. Småbarnstreff
17. Julemiddag for ungdom
31. - 1. Åpen nyttårsfest

Loppemarknad 23. - 24. september

Årets loppemarknad går av stabelen
fredag 23 september kl 17:30 - 21.00
Laurdag 24 september heldt me det i
gang frå kl 10:30 til 13:30
Her er det gode moglegheiter for å
gjere ein god handel!

Har du ting du ynskjer å gi til loppemarknaden, ta kontakt med oss på telefonnummer

57 68 43 66 eller epost

lyngmo@lyngmoinfo.com




Nybygg bildespesial



I nybygget finn me blant anna eit flott bønerom som me håpar vil bli mykje brukt. Framsidebiletet er også teke på bønerommet.



Nytt aktivitetsrom!



Gang og trapp ned mot gymsalen!



Nye rom med eige bad, dei største romma har plass til 5 personar.



Ny gymsal me gler oss til å ta i bruk!



Lys og fin korridor mot soverom, kontor, tørkerom og bønnerom

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslo

Telefon: 57684366
E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177



HAUSTLEIRAR PÅ LYNGMO

NY GYMSAL!

NYTT AKTIVITETSROM!

2 - 4 klasse	16. - 18. sept. 520,-
4 - 7 klasse	7. - 10. okt. 755,- (3 netter)
7 - 10 klasse	14. - 16. okt. 685,- (2 netter)
Barnas songleir	18. - 20. nov. 640,-

For påmelding og informasjon:

E- post: bu@lyngmoinfo.com

Tlf: 57.68.43.66



Dersom familien din ikkje har råd til å sende borna på leir kan de ta kontakt med dagleg leiar eller barne- og ungdomsarbeidar på Lyngmo. Me hjelper

gjerne til med å finne løysingar for sponning i slike saker.